


# Turstiar i Hjelmeland

[www.hjelmeland.kommune.no](http://www.hjelmeland.kommune.no)



Frå Solbjør. Bratthetland i bakgrunnen. (Foto: Hanne Merethe Riskedal)



Utsikt mot Jøsneset og Jøsenfjorden. (Foto: Hanne Merethe Riskedal)



Støttemur med svært lokal skifer. (Foto: Hanne Merethe Riskedal)



## Lauvåsen - Loftsheia

Start på denne turen er frå riksveg 13 ved Ingvaldstad eller frå Solbjør på Fister.

Ingvaldstad ligg langs riksvegen mellom Årdal og Hjelmeland. Avkjørsla er skilta med "Skytebane". Parker ved Ingvaldstad og følg grusvegen mot skytebanen eit stykke bortover. Ta av frå grusvegen og følg merka løype.

For å koma til Solbjør kjører ein til Fister. Ved butikken svingar ein av på avkjørsla merka "Fister skule". Vegen passerer forbi skulen og barnehagen og held fram som ein smal grusveg med hårnålssvingar opp bakkane til Solbjør.

Langs stien mellom Solbjør og Ingvaldstad er det eit fint utsyn til Hetlandsbygda. Det er høve til å gjera ein avstikkar frå den merka løypa til Lauvåsen (502 m.o.h.), med utsyn til store deler av Ryfylke.

På vegen til Medheia (485 m.o.h.)er det utsyn til Randøy og Ombo. Løypa går også om Loftsheia (472 m.o.h.).

Når skytebanen på Ingvaldstad er i bruk, er det heist raudt signalflagg på skytebanen.

Frå begge endar kan denne turen leggjast opp som ein rundtur. Det er ein lett tur med variert landskap å sjå. Turen tar kring tre timer. Høgdeskilnad er rundt 150 meter.



Utsikt frå Lauvåsen. Til venstre: Døvikneset, Randøy og Ombo. Til høgre ligg Jøsneset. (Foto: Hanne Merethe Riskedal)